



Sula kommune



Årsmelding 2025 Del 1

Årsmelding del 1 har fokus på økonomi og rekneskap.

Årsmelding del 2 har fokus på andre målområde enn økonomi. I denne delen vert det rapportert på vedtatte samfunnsmål, medarbeider og organisasjonsområdet, risikostyring og internkontroll mm.

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing	3
Om årsmeldinga.....	5
Kommentar til årsrekneskapet.....	6
Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune.....	7
Finansielle måltal.....	8
Rekneskapsanalyse.....	10
Driftsrekneskap.....	10
Budsjettavvik på kommunalområde	11
Budsjettavvik på einingsnivå	17
Driftsinntekter og driftsutgifter	22
Investeringsrekneskap	27
Balansen	33
Fondsbeholdning (bundne og ubundne fond)	33
Lånegjeld	33
Kortsiktige likvide midlar.....	35
Utgiftsnivå samanlikna med andre kommunar	36
Inntektsnivå samanlikna med andre kommunar	41

Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga for 2025 gir eit samla bilete av aktivitet, resultat og utviklingsarbeid i Sula kommune gjennom året. Sjølv om kommunen står i ein krevjande økonomisk situasjon, har organisasjonen også i 2025 levert gode tenester til innbyggjarane og arbeidd målretta med utvikling av kommunen i tråd med samfunnsplanen og visjonen vår – *Vilje til å lukkast saman*.

Sula kommune har over tid hatt lågare frie inntekter enn landsgjennomsnittet, noko som gir eit strammare økonomisk handlingsrom enn mange andre kommunar. Rekneskapan for 2025 viser at kommunen framleis må nytte disposisjonsfond for å balansere økonomien. Dette er ikkje berekraftig over tid, og omstilling og prioritering vil derfor vere nødvendig også i åra framover. Samtidig har kommunen eit relativt lågt utgiftsnivå, og det vert arbeidd kontinuerleg med effektiv drift, prioritering av ressursar og utvikling av organisasjonen for å tilpasse oss inntektsnivået.

Gjennom året har kommunen arbeidd vidare mot dei overordna samfunnsmåla i kommuneplanen. Desse måla ligg til grunn for prioriteringar, utviklingsarbeid og styring av organisasjonen. Innan oppvekst har det vore arbeidd systematisk med tidleg innsats, inkluderande barnehage- og skulemiljø og nærvær. Målet er at barn og unge i Sula skal oppleve meistring, tilhøyrslø og få eit godt grunnlag for vidare utdanning og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Innan helse og omsorg arbeider kommunen med å utvikle tenester som legg til rette for at innbyggjarane kan meistre eige liv og bu heime lengre. Førebygging, rehabilitering, meistring og samhandling mellom tenester er sentrale satsingsområde for å møte framtidige behov på ein berekraftig måte.

Eit levande og inkluderande lokalsamfunn blir ikkje skapt av kommunen åleine. Samarbeidet med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarane elles er avgjerande for utviklinga av Sula-samfunnet. I 2025 har kommunen arbeidd vidare med å styrke dialogen med næringslivet gjennom næringsstrategi, bedriftsbesøk og tettare samarbeid. Kommunen skal vere ein tilretteleggjar for næringsutvikling og bidra til gode rammevilkår for arbeidsplassar og verdiskaping i kommunen.

Frivilligheita er ein svært viktig ressurs i lokalsamfunnet og bidreg til aktivitet, inkludering, folkehelse og gode oppvekstmiljø. Kommunen har gjennom året samarbeidd med frivillige lag og organisasjonar på ei rekke område, og dette samarbeidet vil vere viktig å vidareutvikle i åra framover.

Eit trygt og robust lokalsamfunn handlar også om beredskap og evne til å handtere uønskte hendingar. Kommunen arbeider kontinuerleg med samfunnstryggleik, beredskap, øvingar og utvikling av organisasjonen si evne til krisehandtering. Endringar i risikobiletet, mellom anna knytt til klima og digital tryggleik, gjer at dette arbeidet blir stadig viktigare.

2025 har også vore eit år med utviklingsarbeid i organisasjonen, mellom anna innan styring og leiing, organisasjonsutvikling, digitalisering, kvalitetssystem og samhandling på tvers av tenestene. Målet er å bruke ressursane best mogleg og sikre gode og berekraftige tenester også i framtida.

Eg vil rette ei stor takk til alle tilsette, leiarar, tillitsvalde og folkevalde for innsatsen som er lagt ned i 2025. Eg vil også takke næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og innbyggjarane elles som bidreg til å gjere Sula til eit godt samfunn å bu og leve i.

Sjølv om vi står framfor økonomiske utfordringar og behov for omstilling, har Sula kommune mange styrkar: kompetente medarbeidarar, aktive innbyggjarar, eit sterkt næringsliv og eit levande lokalsamfunn. Dette gir eit godt grunnlag for å utvikle kommunen vidare i åra som kjem.

Om årsmeldinga

Årsmeldinga gjer greie for kommunen sin økonomiske utvikling og handleevne over tid. Vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen vert forklart, samt vesentlege avvik frå kommunestyret sine føresetnader for bruken av løyvingane.

Årsmeldinga skal også gje ei heilskapleg forklaring på korleis det går med samfunn og innbyggjarar, vurdert opp mot vedtekne planar og strategiar. I tillegg skal det rapporterast på resultat for organisasjon og medarbeidarområdet.

Arbeidet med avslutninga av årsrekneskapen for 2025 har fulgt faste aktivitetar og rutinar i samarbeid med kommunerevisjonen. Kommunen sitt årsrekneskap, KOSTRA-skjema og tenesteproduksjonsdata blei rapportert til Statistisk sentralbyrå (SSB/KOSTRA) innan fristen 22. februar. Årsrekneskapen med noter og dokumentasjon blei levert til revisjonen innan fristen 22. februar. Årsrekneskapen med notar og årsberetninga skal reviderast, og kontrollutvalet skal gi si uttale før dokumentet skal behandlast i formannskap og kommunestyre innan utgangen av juni.

Kommentar til årsrekneskapet

Årsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med kommunelova, reglar i forskrifter og standardardar i medhald av god kommunal rekneskapsskikk.

Årsrekneskapet består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanseoppstilling og noteopplysningar. Kapittel 5 i «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv» spesifiserer kva for oppstillingar og opplysningar som årsrekneskapet skal innehalde.

Driftsrekneskapet viser negativt netto driftsresultat på 10.281.509kr. Dette utgjør -0,96% av brutto driftsinntekter. Bruk av disposisjonsfond er 15.964.004kr. Når ein tek omsyn til avsetning til og bruk av bundne fond, samt budsjettert bruk av disposisjonsfond finn ein årets budsjettavvik. Budsjettavvik i 2025 viser eit mindreforbruk på 17.797.840kr.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler var på 101.825.333kr. Bruk av lån var på 95.511.006kr. Resterande finansiering består i hovudsak av kompensasjon for meirverdiavgift.

Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune

Det er spesielt fire forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune:

- 1) Lave frie inntekter: Ca 60 mill lavere enn landsgjennomsnitt.
- 2) Lavt utgiftsnivå: Ca 65 mill lavere driftsutgifter enn landsgjennomsnitt.
- 3) Høg lånegjeld: 25 mill høgare netto finansutgifter enn landsgjennomsnitt.
- 4) Bruk av disposisjonsfond: 50 mill i 2024 og 16 mill i 2025

1. Lave frie inntekter

Dersom Sula kommune sitt inntektsnivå hadde vore likt som landsgjennomsnittet hadde inntektene vore ca 60 mill høgare. Sula kommune har dei siste åra vore blant dei 15 kommunene i landet med lavast inntektsnivå. (Kjelde: Kommuneproposisjonen 2026)

2. Lavt utgiftsnivå

Dersom utgiftsnivået i Sula kommune hadde vore likt landsgjennomsnittet hadde utgiftsnivået vore ca 65 mill høgare. Sula kommune er rangert som nummer 41 etter kommuner som har lavest netto driftsutgift pr innbygger i 2025. (Kjelde: KOSTRA)

3. Høg lånegjeld

Høg lånegjeld gir høge finansutgifter (rente og avdrag). Dersom Sula kommune sine netto finansutgifter (finansutgifter minus finansinntekter) hadde vore som landsgjennomsnittet så hadde utgiftene i 2025 vore ca 25 mill lavere.

4. Bruk av disposisjonsfond for å saldere rekneskap og budsjett

I 2025 var bruk av disposisjonsfond på 16 mill. I 2024 var bruk av disposisjonsfond 50 mill. Saldo på disposisjonsfondet pr 31.12.25 er 66 mill. Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2026 er 19 mill. For å få ein økonomi i balanse er vi avhengige av vidare omstillingstiltak. I 2026 er det planlagt omstillingstiltak i drifta for 21 million kroner. Dersom vi gjennomfører planen vil Sula kommune kunne gå med overskot frå og med 2027 (iht vedtatt budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029).

Finansielle måltal

Eit av dei grunnleggjande krava til økonomiforvaltning i kommunelova er at kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid, ref kommunelova § 14-1. I kommunelova § 14-2 er det krav om at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Dei finansielle måltala gir ein indikasjon på økonomisk handlingsrom.

Følgjande finansielle måltal er vedtatt av kommunestyret i Sula kommune:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal over tid minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 100% innan 2040.
- Netto lånegjeld (eksklusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (eksklusiv VAR) skal under 75% innan 2040.

Tabellen under viser finansielle måltal for 2024 og 2025. Med tanke på samanlikning har vi også tatt med Giske kommune, Ålesund kommune, gjennomsnitt Møre og Romsdal, gjennomsnitt landet og gjennomsnitt for kostragruppe 1. Kommuner i kostragruppe 1 er kommuner med mellom 2000 og 9999 innbyggere, lave kostnader og lave inntekter.

Sula kommune 2025	Beløp	Måltal Sula kommune	Giske kommune	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostragruppe 1
Netto driftsresultat	-10 281 509	-1,0 %	3,0 %	1,2 %	1,0 %	2,3 %	1,4 %
Disposisjonsfond	66 268 327	6,2 %	5,6 %	1,4 %	7,9 %	11,8 %	8,8 %
Netto lånegjeld	1 190 636 367	112,7 %	126,7 %	123,0 %	108,0 %	89,7 %	91,3 %
Netto lånegjeld eskl VAR	877 184 885	87,9 %					

Sula kommune 2024	Beløp	Måltal Sula kommune	Giske kommune	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostragruppe 1
Netto driftsresultat	-42 317 814	-4,2 %	-1,7 %	-0,3 %	-1,2 %	-0,4 %	-1,6 %
Disposisjonsfond	82 232 330	8,2 %	3,8 %	1,8 %	8,1 %	11,3 %	8,4 %
Netto lånegjeld	1 142 709 642	115,7 %	123,0 %	117,1 %	108,9 %	90,4 %	92,6 %
Netto lånegjeld eskl VAR	876 763 443	94,7 %					

Av tabellen ser vi at Sula kommune har dårlegare driftsresultat enn samanlikningskommunene. Ein hovudårsak til dette er at nivået på frie inntekter i Sula er lavere enn kommunene vi samanliknar oss med.

Netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld er måltall som ofte blir brukt i kommunal sektor. Nedanfor kjem ei forklaring til kva som inngår i dei tre måltala.

Netto driftsresultat: Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrukket løpende utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse. Eit positivt netto driftsresultat gir økt handlingsrom i budsjettåret.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot. Eit disposisjonsfond av ein viss størrelse muliggjør tiltak i økonomiplanperioden. Midlane er i tillegg ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune har blitt kraftig redusert dei tre siste åra. I 2023 blei disposisjonsfondet redusert med 13,6 mill, i 2024 med 49,6 mill og i 2025 med 16 mill. Disposisjonsfondet pr 31.12.25 er under vedtatt finansielt måltal på 10%.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukne lånemidlar. Sula kommune si netto lånegjeld er på 113% av driftsinntektene. Dette er høgare enn gjennomsnittet i Møre og Romsdal, gjennomsnitt i landet og gjennomsnitt i Kostragruppe 1. Høg netto lånegjeld gir redusert handlingsrom. Dette fordi kostnader knytt til renter og avdrag bind opp ein stor andel av økonomien.

Rekneskapsanalyse

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsberetninga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjetttrammer både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjetttramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at kommunalområda skal halde seg innanfor si budsjetttramme. Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettet.

I kapitelet «Driftsrekneskap» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitelet «Investeringsrekneskap» blir budsjettavvik kommentert per prosjekt.




Driftsrekneskap

Resultat 2025	Regnskap	Budsjett	Differanse
Netto driftsresultat	-10 281 509	-28 053 844	17 772 335
Bruk av disposisjonsfond	-15 964 002	-33 761 844	17 797 842

Forskjellen mellom netto driftsresultat og bruk av disposisjonsfond er netto avsetning til bundne fond. Dette kjem i hovudsak frå VAR-området (Veg, Avløp, Renovasjon). VAR skal over tid gå i balanse. Det vil sei at eventuelle overskot frå eit år settast av på bundne fond til bruk dei påfølgande åra. Ved underskot blir det brukt av fond for dekke underskotet (eventuelt ført som framførbart underskot dersom fondet er brukt opp).

Tabellen under viser budsjettavvik per kommunalområde. Til kvar av linjene i tabellen er det ein note med kommentar til budsjettavviket. Tala er inklusiv fondstransaksjonar.

Vi har brukt «trafikklys» for å oppsummere status på budsjettavvika:

Status	Forklaring
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 1% av budsjetttramme,
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 1% og 2% av budsjetttramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 2% av budsjetttramme

Budsjettavvik på kommunalområde

OMRÅDE	REGNSKAP	BUDSJETT	BUDSJETTAVVIK	Note	Status
Organisasjon og utvikling	62 825 687	63 337 198	-511 511	1	●
Kultur og oppvekst	353 958 070	360 566 426	-6 608 356	2	●
Helse og mestring	313 817 794	318 162 584	-4 344 790	3	●
Samfunn (inkl VAR)	10 770 741	11 695 350	-924 609	4	●
SUM KOMMUNALOMRÅDE	741 372 292	753 761 558	-12 389 266		●
Frie inntekter	-765 954 158	-761 663 000	-4 291 158	5	●
Andre statstilskot	-25 644 361	-25 550 000	-94 361	6	●
Renteinntekt (bank og startlån)	-8 116 413	-6 520 000	-1 596 413	7	●
Avkastning på plasseringar	-12 412 655	-10 000 000	-2 412 655	8	●
Renteutgifter	52 480 462	49 722 362	2 758 100	9	●
Eigedomsskatt	-11 746 872	-12 000 000	253 128	10	●
Andre områder	45 985 707	46 010 924	-25 217	11	●
SUM FELLESOMRÅDE	-725 408 290	-719 999 714	-5 408 576		●
BRUK AV DISPOSISJONSFOND	15 964 002	33 761 844	15 964 002		●

Note 1. Organisasjon og utvikling

For Organisasjon og utvikling blei det eit mindreforbruk på 0,5 mill. Budsjettavviket er på under 1% av budsjetttramme. Avviket skuldast blant anna høgare sjukepengerefusjon enn budsjettert, samt at kjøp av IT-utstyr var lavere enn budsjettert.

Note 2. Kultur og oppvekst

For Kultur og oppvekst blei det eit mindreforbruk på 6,6 mill. Budsjettavviket er på 1,8% av budsjetttramme.

På skulane blei det eit samla meirforbruk på 0,4 mill. I hovudsak skuldast dette auka behov for ressurser knytt til enkeltelevar for å sikre eit forsvarleg heildagstilbod som gjeld både skule og SFO. Utgifter knytt til gjesteelevar (elevar i private skular og elevar som er fosterheimsplassert i andre kommunar) utgjer eit meirforbruk. Talet elevar som vel å gå i private skular aukar. Fleire av dei planlagte innsparingstiltaka på skulane i Sula har vist å ha fått effekt, samtidig har det vore ein auke i tal elevar med enkeltvedtak, auke krevjande skulemiljø saker, og nokre av sakene har medført kostnads krevjande tiltak som det ikkje har vore rom for å greie innanfor ordinær ramme. Det har i 2025 vore arbeid

målretta med utfordringsbiletet gjennom dagleg arbeid og systematisk utviklingsarbeid som har mål om langsiktig gevinst i heile oppvekstfeltet.

I tiltakseining for barn og unge blei det mindreforbruk på 3,7 mill. Dette er blant anna knytt mindre kjøp frå staten til barnevernstenester enn budsjettert (fosterheim og institusjon).

I dei kommunale barnehagane blei det eit mindreforbruk på 1,7 mill. Barnehagane har justert tal tilsette i forhold til antal barn i barnehage. Dette gjer at to av barnehagane som ikkje har hatt full dekning fekk eit mindreforbruk samanlikna med budsjett. Når det gjeld driftstilskot til private barnehagar blei dette ca 2 mill lavere enn budsjettert. Dette skuldast færre barn enn det som blei lagt til grunn i budsjett. Få barn frå eller til i dei private barnehagane får stor effekt på utbetaling av tilskot.

Kulturområdet har endra organisering, og redusert i administrative ressursar, og som har bidratt til eit mindreforbruk.

Note 3. Helse og mestring

For Helse og meistring blei det eit mindreforbruk på 4,3 mill. Budsjettavviket er på 1,4% av total budsjetttramme. Det er skilnader mellom einingane. Bu- og aktivitetstenesta har meirforbruk, Helsetenesta kjem omlag i balanse, medan Sulatunet, Heimetenesta og NAV har mindreforbruk. Både bruk av vikarbyrå og overtid er betydelig lavere i 2025 enn i 2024 og 2023. Ein ser at spareiltaka som er satt i verk får effekt. Det er likevel slik at noko av mindreforbruket er knytt til tilfeldige svingingar.

Note 4. Samfunn

For Samfunn blei det eit mindreforbruk 0,9 mill. Det skuldast i hovudsak mindreforbruk på områda brann og ulykkesvern, utestyrken og eigedom. Tenester til Brann og ulykkesvern blir kjøpt frå Ålesund brannvesen. Budsjettert utgifter til Ålesund brannvesen var på 9,5 mill i 2025. Utgiftene blei på 9,1 mill

Note 6. Frie inntekter

Frie inntekter blei 4,3 mill høgare enn budsjettet i 2025:

Frie inntekter	Regnskap	Budsjett	Differanse
Skatteinntekter	339 886 676	334 690 000	5 196 676
Inntektsutjevning	52 315 482	55 589 000	-3 273 518
Rammetilskot	373 752 000	371 384 000	2 368 000
SUM	765 954 158	761 663 000	4 291 158

Sula kommune har lave frie inntekter samanlikna med andre kommuner.

Skatteinntektene til Sula på 82,4% av landsgjennomsnittet i 2025. Inkludert inntektsutjevning er inntektsnivået ca 95% av landsgjennomsnittet.

Tabell under viser korleis skatteinntekt i prosent av landsgjennomsnittet og inntektsutjamning blir berekna:

Skatteinntekt 2025	Sula	Norge	Differanse
Skatteinntekt	339 887 676	236 445 072 000	
Antall innbyggere 01.01.2025	9 759	5 594 340	
Skatt pr innbygger	34 828	42 265	-7 437
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	82,4 %		

Skatt pr innbygger	Sula	90% av Norge	Differanse
Skatt per innbygger	34 828	38 039	-3 210

Inntektsutjevning	Per innbygger	Forklaring
62% av diff frå landsgjennomsnitt	4 611	62% av 7.437kr
35% av diff frå 90% av lands.g.snitt	1 124	35% av 3.210kr
Finansiering av ordninga	-378	Pr person
Sum inntektsutjevning	5 357	

Skatteinntekt per innbygger 2025	Sula
Skatteinntekt før inntektsutjevning	34 828
Inntektsutjevning	5 357
Sum skatt per inngygger	40 185
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	95,1 %

Skatteinntekt samla 2025	Sula
Skatteinntekt før inntektsutjevning	339 887 676
Inntektsutjevning	52 274 495
SUM skatt og inntektsutjamning	392 162 171
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	95,1 %

Note 6. Andre statstilskot

Andre statstilskot består av flyktingtilskot på 22,7 mill og rente og avdragskompensasjon frå Husbanken på 3 mill. Flyktingtilskot blei som budsjettert. Rente og avdragskompensasjon frå Husbanken blei 0,1 mill høgare enn budsjettert

Note 7. Renteinntekt

Renteinntektene i 2025 blei på 8,1 mill. Dette består av renteinntekter fra bank (5,2 mill) og renteinntekter på våre utlån (startlån, 2,9 mill). Budsjetterte renteinntekter var på 6,5 mill. Årsaken til at renteinntektene blei høgare enn budsjettert skulast eit høgare nivå på bankbeholdning enn det som er lagt til grunn i budsjett, og eit litt høgare rentenivå enn budsjettert.

Note 8. Avkastning på plasseringar

Avkastning frå finansielle plasseringar blei på 12,4 mill i 2025. Dette er 2,4 mill betre enn budsjettert. 7,9 mill av avkastninga kjem frå den langsiktige portefølja vår. Denne har ein verdi på 117,9 mill pr 31.12.25. 4,6 mill av avkastninga kjem frå kortsiktige plasseringar. Verdien på kortsiktige plasseringar pr 31.12.25 var 27,1 mill. Ved inngangen av 2025 var verdien 22,6 mill. I forbindelse med midlertidig ledig likviditet frå låneopptak blei det overført 110 mill til kortsiktige plasseringar i pengemarkedsfond. Desse midlane har blitt solgt i løpet av året.

Note 9. Renteutgifter

Renteutgiftene i 2025 blei på 52,5 mill. Dette er 2,8 mill høgare enn budsjettert. Årsaken til budsjettavviket er at rentenivået på våre lån i 2025 har vore litt høgare enn budsjettert, samt at årets avdrag blei betalt litt seinare på året enn budsjettert.

Total lånegjeld pr 31.12.25 var på 1,39 milliard. Pr 31.12.24 var total lånegjeld 1,33 milliard. Tabellen under viser utvikling i gjennomsnittlig rente frå 2022 til 2024:

	01.01.2022	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024	31.08.2025	31.12.2025
Gj. snitt rente	1,43 %	2,62 %	3,58 %	3,51 %	3,72 %	3,55 %

Note 10. Eigedomsskatt

Kategori	Antall	Skatt 2025	Skatt 2024	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020
Bustader. Formuesgrunnlag	3403	10 600 183	10 403 793	9 625 237	8 973 591	5 843 274	5 593 108
Bustader. Taksert	86	133 097	145 002	157 291	130 814	117 532	184 115
Fritidsbustad. Taksert	132	29 469	29 593	25 995	26 519	2 625	4 770
Naust. Taksert	316	34 520	34 520	33 350	30 953	32 306	65 937
Tomt bustad. Taksert	659	181 428	176 840	177 345	176 792	175 734	251 017
Næringseigedom	144	768 175	770 387	772 799	777 446	784 445	0
Sum		11 746 872	11 560 135	10 792 017	10 116 115	6 955 916	6 098 947
Budsjett		12 000 000	11 150 000	10 250 000	8 900 000	6 800 000	5 350 000
Avvik frå budsjett		-253 128	410 135	542 017	1 216 115	155 916	748 947

Eigedomsskatten blei ca 250.000kr mindre enn budsjettert. Dette skuldast lavere auke i formuesgrunnlag på bustadane enn det som blei lagt til grunn i budsjett.

Gjennomsnittlig eigedomsskatt på ein bustad i 2025 var 3.077kr

Note 11. Andre områder

Andre områder består i hovudsak av pensjonsutgift ført på "fellesområde", politisk styring, avsetning for lønns- og prisvekst og avdrag. Tabellen nedanfor spesifiserer budsjettavvik på desse områda.

Andre områder	Regnskap	Budsjett	Avvik
Pensjon/premieavvik	-9 833 733	-10 722 181	888 448
Avdrag	49 200 000	49 200 000	0
Politisk styring	6 170 544	6 490 818	-320 274
Avsetning for lønnsvekst	0	742 287	-742 287
Andre poster	448 896	300 000	148 896
SUM	45 985 707	46 010 924	-25 217







- Pensjon: Total pensjonsutgift blei 71,2 mill. Budsjettert pensjonsutgift var 70,9 mill. Her blei det altså eit meirforbruk på 300.000kr. Deler av pensjonsutgiftene blir ført på fellesområde (permieavvik pensjon, amortisering av premieavvik, og eventuell justering av pensjonsutgift slik at total utgift samla for heile kommuna skal bli iht aktuarberekning). På den delen som har blitt bokført sentralt blei det eit meirforbruk på ca 900.000kr. Men dette må altså sjåast i samanheng med at pensjonsandelen som er bokført på einingsnivå blei litt lavere enn budsjettert.

- Politisk styring: Mindreforbruk skuldast i hovudsak at gjennomføring av Stortingsv-valg blei ca 150.000kr lavere enn budsjettert, samt at avsetning til formannskapetets disposisjon er ca 130.000kr under budsjett. Ein av grunnane til at utgiftene til gjennomføring av valg blei lavere enn budsjettert var reduksjon frå tre til to stemmelokale.
- Avdrag: Betalt minimumsavdrag blei som budsjettert
- Avsetning lønnsoppgjør 2025: Avsetning for lønnsvekst blei i budsjett basert på forventning om årslønnsvekst i kommunal sektor på 4,5%. Avsatte midler til lønnsvekst blei fordelt ut til einingane basert på KS sin forventning om årslønnsvekst i kommunal sektor på 4,4%. Dette medførte at fordelt budsjettbeløp blei 750.000kr lavere enn budsjettert.
- Andre poster: Her ligg utgifter knytt til taksering eigedomsskatt, gjeldsforvaltning, samt andre mindre fellesposter. I sum blei desse utgiftene 150.000kr over budsjett.












Budsjettavvik på einingsnivå

Tabellane under viser budsjettavvik på einingsnivå. Tala er inklusiv fondstransaksjonar.

Til kvar eining står det ein kommentar til budsjettaviket.

Status	For einingar med budsjetttramme under 10 mill:
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 100.000kr av budsjetttramme
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 100.000kr og 200.000kr av budsjetttramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 200.000kr av budsjetttramme
Status	For einingar med budsjetttramme over 10 mill:
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 1% av budsjetttramme,
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 1% og 2% av budsjetttramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 2% av budsjetttramme

Kommunalområde Organisasjon og utvikling

ORGANISASJON OG UTVIKLING	REGNSKAP 2025	BUDSJETT 2025	BUD.AVIK 2025	KOMMENTAR	STATUS
KOMMUNEDIREKTØR	3 426 482	3 376 000	50 482	Ca som budsjettert. Meirforbruk er i hovudsak knytt til kurs/arrangementer.	
ORGANISASJON OG UTVIKLING	4 369 390	4 835 291	-465 901	På dette ansvaret ligg det ein del store kontigentutgifter som gjeld heile kommunen (f.eks FOU kontigent til KS, medlemsavgift til KS, serviceavgift til KS og OU-kontigent til KS). Budsjett på denne typer kontigenter/lisenser er på ca 2,1 mill i 2025. Faktiske utgifter blei ca 1,85 mill. I tillegg blei det mindreforbruk knytt til avsatte budsjettmidler til forbedrings- og utviklingsarbeid i kommunen.	
STRATEGI OG STYRING	1 414 732	1 424 809	-10 077	Ca som budsjettert	
SERVICE OG KOMMUNIKASJON	6 679 257	7 186 778	-507 520	Service og kommunikasjon (inkludert bibliotek) har eit mindreforbruk på ca 550.000kr. Mindreforbruket er i stor grad knytt til sjukepengerefusjon (totalt ca 390.000kr over budsjett). Salgsinntekter (sal av meklarmakkar) er ca 115.000kr over budsjett, samt at andre driftsutgifter er under budsjett.	
BIBLIOTEK	2 518 366	2 570 890	-52 524	Sjå kommentar for "Service og kommunikasjon"	
ØKONOMIAVDELINGA	4 927 720	4 864 091	63 629	Meirforbruk er i hovudsak knytt til lønnsutgifter.	
HR, LØN OG HOVUDTILLITSVALDE	6 824 449	6 581 073	243 376	Meirforbruk skulsast i hovudsak at utgifter til overtid er høgare enn budsjettert.	
IKT	24 979 799	25 124 451	-144 652	Ca som budsjettert. Mindreforbruk kjem i hovudsak av at kjøp av utstyr/materiell er lavere enn budsjettert.	
POLITISK SEKRETARIAT	1 142 018	1 155 554	-13 536	Ca som budsjettert	
OVERF. TIL SOKNERÅDET	6 543 474	6 218 261	177 971	Utgiftsført arbeid på gravstader blei noko høgare enn budsjettert. Dette må sjåast i samanheng med mindreforbruk på eigedomsavdelinga. Meir av lønnsutgiftene enn budsjettert blei ompostert til arbeid på gravstader.	
SUM ORG. OG UTVIKLING	62 825 687	63 337 198	-658 752	Samla eit mindreforbruk på 0,7 mill.	

Kommunalområde Kultur og oppvekst

KULTUR OG OPPVEKST	REGNSKAP 2025	BUDSJETT 2025	BUD.AVVIK 2025	KOMMENTAR / ESTIMAT	STATUS
ADMINISTRASJON OPPVEKST	4 265 170	4 681 408	-416 238	Mindreforbruket skuldast svært nøktern bruk av utgifter til opplæring og kurs, og reise over eiga ramme bidreg til å halde utgiftene nede.	●
FELLESUTG. UNDERVISNING/SFO	25 201 574	23 836 957	1 364 617	Meirforbruket for 2025 er i hovudsak knytt til utgifter til elevar i private skular og fosterheimsplasserte elevar med enkeltvedtak. Det blei og ein ekstra kostnad knytt til utkjøp av brukte nettbrett samt høgare utgifter enn budsjettert til innleverte brukte nettbrett med trekk for slitasje.	●
SOLEVÅG SKULE/SFO	23 412 767	22 878 596	534 171	Meirforbruket i 2025 skuldast i hovudsak høgare lønsutgifter enn budsjettert. I hovudsak er dette behov for auka ressursar knytt til eneklelevar for å sikre eit forsvarleg heildagstilbod.	●
RØRSTADMARKA SKULE/SFO	23 506 800	22 917 044	589 756	Meirforbruket for 2025 er i hovudsak knytt til lønskostnadar. Dette er knytt til elevar med behov for tilrettelegging og som har samansette utfordringar i Sfo.	●
LANGEVÅG SKULE/SFO	47 036 626	47 145 029	-108 403	Færre framandspråklege har medført redusert ressurs til opplæring i grunnleggande norsk. Haushalvåret har medført behov for auka ressursar knytt til enkeltelevar, som også vert vidareført våren 2026. Sfo har mindreforbruk som bidreg til ei budsnett i balanse i 2025.	●
SULA UNGDOMSSKULE	50 165 439	50 834 035	-668 596	Mindreforbruket skuldast i hovudsak høgare refusjonar i ungdomsskulen enn budsjettert.	●
FELLESUTGIFTER BARNEHAGE	203 045	979 413	-776 368	Mindreforbruk i 2025 skuldast i hovudsak endring i foreldrebetaling frå 2.000 pr mnd til 1.200 frå 01.08.25, og gratis SFO 1-3 klasse, har endra behov og færre kjem innanfor ordninga redusert foreldrebetaling.	●
SUNDE BARNEHAGE	8 368 993	8 387 468	-18 475	Ca som busjettert	●
MÅSEIDE BARNEHAGE	13 931 978	13 756 363	175 615	Meirforbruket skuldast i hovudsak høgare pensjonsutgifter og innleige ved fråvær. Eininga har hatt høgt sjukefråvær i 2025. Det har vore nøktern drift gjennom året.	●
LANGEVÅG BARNEHAGE	19 048 737	19 657 485	-608 748	Mindreforbruket skuldast i hovudsak tilpassing av drift ut frå barnetal, lågare vikarutgifter og nøktern drift.	●
MOLVÆR BARNEHAGE	11 568 093	12 774 415	-1 206 322	Mindreforbruket skuldast i hovudsak tilpassing av drift ut frå barnetal, der talet på tilsette er justert etter tal på barn, samt nøktern drift. For 2026 er det full dekning og venteliste på barn som ønsker å gå i Molvær barnehage.	●
PRIVATE BARNEHAGAR	64 493 004	66 778 906	-2 285 902	Refusjon for fleire barn frå nabokommune i barnehagane i Sula har medført samla eit mindreforbruk i 2025. Få barn frå eller til i dei private barnehagane får stor effekt på utbetaling av tilskot.	●

Kommunalområde Kultur og oppvekst (fortsettelse)

KULTUR OG OPPVEKST	REGNSKAP 2025	BUDSJETT 2025	BUD.AVVIK 2025	KOMMENTAR / ESTIMAT	STATUS
VOKSENOPPLÆRINGA	2 768 288	2 321 460	446 828	Innsparingstiltak har gitt effekt først frå haust 2025 ved vaksenopplæringa, og samla for året har det vore høgare lønsutgifter enn budsjettert. Kjøp av tenester frå Ålesund vaksenopplæring til grunnskule vaksne har eit meirforbruk grunna mindre tilskot frå IMDI enn venta, og som medfører at kostnadane ikkje er fullt ut dekkja .	●
TBU - tiltak for barn og unge	51 628 895	54 207 041	-2 578 146	Tiltakseining barn og unge endte med eit samla mindreforbruk på ca 2,6 mill i 2025. Det er ikkje sett inn vikar ved fråvær, samt at det har vore mindre kjøp av tenester frå staten i barnevern. Tilrettelegging i barnehage for barn med nedsett funksjonsevne viser deriomot eit betydeleg meirforbruk på 1,7 millionar kroner. Dette gjeld barn med godt dokumenterte behov for tilrettelegging.	●
ADMINISTRASJON KULTUR	440 047	966 646	-526 599	Mindreforbruk i 2025 skuldast mindre utgifter til administrasjon enn budsjettert. Blant anna starta ikkje rådgjevar kultur før 01.08.	●
MUSIKKSKULE OG KULTURSKULE	4 691 414	4 534 573	156 841	Meirforbruket skuldast noko høgare lønnsutgifter, samt noko mindre inntekter enn budsjettert.	●
FRITIDSKLUBB, UTEKONTAKT, ANNA	3 227 200	3 909 587	-682 387	Mindreforbruk er omlag som 2024. Nøktern drift ved fritidsklubb og utekontakt bidreg til at det samla sett vert eit mindreforbruk i 2025.	●
SUM KULTUR / OPPVEKST	353 958 070	360 566 426	-6 608 356	Samla eit mindreforbruk på 6,6 mill.	●

Kommunalområde Helse og meistring

HELSE OG MESTRING	REGNSKAP 2025	BUDSJETT 2025	BUD.AVIK 2025	KOMMENTAR / ESTIMAT	STATUS
ADMIN., SAMT TILSKOT VTA-BEDRIFT	8 222 163	8 239 032	-16 869	Ca som budsjettert.	●
HELSETENESTA	29 745 876	29 748 009	27 798	Ca som budsjettert. Innstrammingar har gitt positivt resultat, men også slitasje på dei tilsette da ein ikkje har leigd inn vikar ved alt sjukefråvær	●
NAV	22 310 269	23 400 113	-1 089 844	Meirforbruk på sosialhjelp, i stor grad til gruppa av flyktningar. Mindreforbruk i integreringstenesta då busettinga kom seint i gong og færre flyktningar.	●
SULATUNET	51 510 908	56 209 386	-4 698 478	Aviket skuldast både inntekter, refusjonar og mindreforbruk på enkelte kostnadspostar. Effekt av innsparingstiltak har kome raskere enn budsjettert, vakansar, sjukehusinnleggingar for ressurskrevjande brukarar og netto meirinntekt m.a. pga auka sal av mat har bidratt til at det samla sett blei eit mindreforbruk	●
HEIMETENESTA	64 076 997	67 490 872	-3 413 875	God effekt av gjennomførte innsparingstiltak. Nokre av tiltaka knytt til at ein nedskalerer tenestene og ikkje leiger inn vikar tærer på tilsette. Vakant stilling ikkje vore utlyst. Litt betre enn budsjettert på statleg refusjon knytt til ressurskrevande brukarar.	●
BUKOLLEKTIVA	52 938 529	51 440 555	1 497 974	Meirforbruk på 1,5 mill. Krevjande sommarferieavvikling grunna for få heildøgns omsorgsplassar. Hovudsakleg på lønn, men òg på andre driftsutgifter som forbruksmateriell og transport. Fleire uventa sjukmeldingar som har medført bruk av vikarbyrå. Det har periodevis vore behov for ekstrahjelp pga brukarbehov.	●
BU OG AKTIVITETSTENESTA	85 013 052	81 634 617	3 378 435	Meirforbruk skuldast i hovudsak at utgifter til BPA (Brukerstyrt Personleg Assistent) er høgare enn budsjettert. Det er fatta vedtak om omfattande tenester for nye brukarar.	●
SUM HELSE OG MESTRING	313 817 794	318 162 584	-4 314 859	Samla mindreforbruk på 4,3 mill	●

Kommunalområde Samfunn

SAMFUNN	REGNSKAP 2025	BUDSJETT 2025	BUD.AVVIK 2025	KOMMENTAR / ESTIMAT	STATUS
ADMIN. OG FELLESUTGIFTER	2 448 347	3 143 937	-695 590	Utgifter som er bokført og fordelt på andre ansvarsområder. Må derfor sjåast i samheng med budsjettavvik på andre områder på Samfunn (inkl VAR)	●
VEGAR	5 391 701	5 130 948	260 753	Det er gjennomført vesentleg reduksjon i driftsnivå for sommarvedlikehald for 2025. Det blir likevel eit meirforbruk i 2025. Dette er i hovudsak knytt til drift av gatelys og snøbrøyting	●
BRANN OG ULYKKESVERN	10 305 379	10 740 996	-435 617	Tenesta blir kjøpt frå frå Ålesund brannvesen. Fakturering frå Ålesund brannvesen blei lavere enn budsjettert i 2025.	●
UTESTYRKEN	-17 281	289 165	-306 446	Det er utgiftsfordelt meir til andre områder enn budsjettert.	●
EIGEDOM INKL. AVDELING PARK	13 906 225	15 491 572	-1 585 347	Mindreforbruk skulaast i hovudsak at både lønnsutgifter (inkl sjukepengerefusjon), samt drifts- og vedlikehaldsutgifter er under budsjett. Deler av mindreforbruket må sjåast i samheng med meirforbruk på 200.000kr på ansvar "gravstader" som klassifisert under Organisasjon og utvikling. Deler av utgiftene på "park og grønt" er ompostert til ansvar for gravstader.	●
PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	3 992 527	3 259 732	732 795	Sjukefråvær har påverka sakshandsaming og oppfølging av private reguleringsplanforslag. Dette har medført at gebyrinntektene er lavere enn budsjettert. Dette forklarar mykje av meirforbruket. Auka kostnader til mellom anna vedlikehald av datasett, lisensar og plandatabase har i tillegg negativt inn på resultatet.	●
VATN, AVLØP, RENOVASJON, FEIING	-25 256 157	-26 361 000	1 104 843	Samla meirforbruk på 1,1 mill. Dette skuldast i hovudsak av at gebyrinntektene blei lavere enn budsjettert. Sum gebyrinntekter blei på 74,2 mill, medan budsjetterte gebyrinntekter var på 74,9 mill. Driftsutgiftene blei også noko høgare enn budsjettert. Differanse mellom regnskap og budsjett blir til ein viss grad regulert ved endring i avsetning / bruk av bundne fond. Kalkulatoriske størrelsar i sjølvkostregnskapet (som f.eks kalkulatoriske finansutgifter) gjer at meir-eller mindreforbruk ikkje vil 100% bli motregna mot avsetning /bruk av bundne fond.	●
SUM SAMFUNN	10 770 741	11 695 350	-924 609	Samla mindreforbruk på 0,9 mill	●

Driftsinntekter og driftsutgifter

Tabellen nedanfor viser driftsinntekter og driftsutgifter i årsrekneskapet:

Driftsinntekter	Note	Regnskap 2025	Regnskap 2024	Endring	Endring i %
Rammetilskot og skatteinntekter	1	765 954 158	696 891 811	69 062 347	9,9 %
Eiendomsskatt		11 746 872	11 560 135	186 737	1,6 %
Andre overføringer og tilskudd fra staten	2	25 644 361	27 534 447	-1 890 086	-6,9 %
Overføringer og tilskudd fra andre	3	128 403 280	125 821 040	2 582 240	2,1 %
Brukerbetalinger	4	32 033 649	32 574 671	-541 021	-1,7 %
Salgs- og leieinntekter	5	107 845 558	105 566 385	2 279 174	2,2 %
Sum driftsinntekter		1 071 627 879	999 948 489	71 679 390	7,2 %

Driftsutgifter	Note	Regnskap 2025	Regnskap 2024	Endring	Endring i %
Lønnsutgifter	6	522 287 266	506 031 057	16 256 209	3,2 %
Sosiale utgifter	6	149 820 970	135 389 350	14 431 620	10,7 %
Kjøp av varer og tjenester	7	276 563 618	274 938 853	1 624 765	0,6 %
Overføringer og tilskudd til andre	8	52 281 153	55 107 040	-2 825 887	-5,1 %
15 Sum driftsutgifter		1 000 953 007	971 466 299	29 486 708	3,0 %

Netto finansutgifter	9	80 956 380	70 800 004	10 156 377	
-----------------------------	----------	-------------------	-------------------	-------------------	--

Netto driftsresultat		-10 281 509	-42 317 814	32 036 305	
-----------------------------	--	--------------------	--------------------	-------------------	--

Note 1, Rammetilskot og skatteinntekter, 766 mill

Rammetilskot og skatteinntekter utgjør 71,5% av totale driftsinntekter. Det har vore ei auke i dei frie inntektene samanlikna med 2025. Ca 28 mill av auka kan forklarast med lønns- og prisvekst (kommunal deflator på ca 4%). Ca 16 mill kjem frå auke i rammetilskot som følgje av oppgåveendringar. Dette består i hovudsak av 5,6 mill i kompensasjon for redusert makspris for foreldrebetaling i barnehage, 2,4 mill i kompensasjon knytt til gratis deltids plass på SFO for 3. trinn (heilårseffekt av endring i 2024), samt 6,8 mill i kompensasjon til auke i pensjonskostnader knytt til ny offentleg AFP-ordning. Resterande auke i frie inntekter på ca 25 mill utgjør ei «realauke» i frie inntekter samanlikna med 2024.

Note 2, Andre overføringer og tilskot frå staten, 26 mill

Andre statstilskot består av flykningstilskot på 22,7 mill og rente og avdragskompensasjon frå Husbanken på 3 mill. Reduksjon i inntekt på 1,9 mill samanlikna med 2024 skuldast i hovudsak reduksjon i flykningstilskot på 1,7 mill. Dette

var som budsjettet og skuldast redusert tilskot knytt til dei store flyktningmottaka som var for nokre år sidan.

Note 3, Overføringar og tilskudd frå andre, 128 mill

Denne posten består av refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukerar innan helse og omsorg på 41,9 mill (42,8 mill i 2024), sjukelønnsrefusjon på 38,5 mill (36,2 mill i 2024), kompensasjon for merverdiavgift på 19,1 mill (21 mill i 2024) og refusjonar frå staten, fylkeskommunen, andre kommuner og private på totalt på 28,9 mill (25,9 mill i 2024). Det er ingen store endringar i posten «Overføringar og tilskudd frå andre» samanlikna med 2024.

Note 4, Brukerbetalingar, 32 mill

Denne regnskapsposten består av inntekter på følgande områder:

- SFO og barnehage: 19,1 mill (20,4 mill i 2024).
- Helse og meistring : 11,8 mill (11,1 mill i 2024).
- Kultur: 1,1 mill (likt som i 2024).

Når det gjeld brukarbetaling for SFO så er beløpet i realiteten 9,3 mill mindre. Dette som følge av statleg bestemt rabattordning på gratis 12 timer SFO for 1.- 3. klasse. Rabatten blir bokført som ei driftsutgift under "Overføring og tilskudd til andre». Rabatt/gratis SFO var på 9,3 mill i 2025. Til samanlikning var rabatten på 7,9 mill i 2024. Rabatt/inntektstap er 1,4 mill høgare i 2025 enn i 2024. Rammetilskot til Sula kommune auka med 2,4 mill i 2025 som for å kompensere inntektstap. Tala indikerer at kompensasjonen frå staten var noko høgare enn kva dette faktisk har kosta for Sula kommune.

Når det gjeld brukarbetaling for barnehage var den på 5,7 mill i 2025. Dette er ein reduksjon på ca 2,5 mill samanlikna med 2024. Årsaken til dette er redusert makspris på foreldrebetaling. Redusert foreldrebetaling har i tillegg medført at driftstilskot frå Sula kommune til dei private barnehagane har auka med ca 3 mill. Totalt har den reduserte foreldrebetalinga kosta Sula kommune ca 5,5 mill. Dette tilsvarer beløpet vi har fått i kompensasjon frå staten ved auke i rammetilskot (5,6 mill).

Note 5, Salgs og leigeinntekter, 108 mill

Sals- og leigeinntekter består i hovudsak av kommunale avgifter (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam) på 74,1 mill (74,4 mill i 2024) og husleige 28,1 mill (24,6 mill i 2024). Den største kategorien av husleigeinntekter er frå kommunale omsorgsbustader (14,2 mill.).

Note 6, Lønnsutgifter og sosiale utgifter, 672 mill

Lønnsutgifter og sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) er det største lønnsposten til kommunen. Disse utgiftene utgjorde 67% av totale driftsutgifter i 2025.

Tabellen under viser lønnsutgifter, sosiale utgifter, sjukepengerefusjon og utgifter til vikarbyrå for 2024 og 2025:

Lønnsutgifter	2 025	2024	Endring	Endring i %
Fastlønn	445 084 994	422 846 039	22 238 955	5,3 %
Vikarlønn og ekstrahjelp	49 745 231	51 653 410	-1 908 179	-3,7 %
Overtid	6 432 881	9 591 085	-3 158 204	-32,9 %
Møtegodtjersle folkevalde	1 585 208	2 005 180	-419 972	-20,9 %
Andre lønnsutgifter	19 438 952	19 935 343	-496 391	-2,5 %
SUM	522 287 266	506 031 057	16 256 209	3,2 %
Sosiale utgifter	2 025	2024	Endring	Endring i %
Pensjonsutgift	71 212 384	60 476 857	10 735 527	17,8 %
Gruppelivsforsikring	662 218	626 790	35 428	5,7 %
Arbeidsgiveravgift	77 946 367	74 285 703	3 660 664	4,9 %
Sum sosiale utgifter	149 820 969	135 389 350	14 431 619	10,7 %
Sjukepengerefusjon	-38 525 660	-36 205 628	-2 320 032	6,4 %
Vikarbyrå	5 732 455	15 243 574	-9 511 119	-62,4 %
Sum lønnsutgifter, inkl vikarbyrå	639 315 030	620 458 353	18 856 677	3,0 %

Sum lønnsutgifter (inkludert sjukepengerefusjon og bruk av vikarbyrå) har auka med 3% samanlikna med 2024). I følgje artikkel «Lønnsvekst i KS' tariffområde frå 2024 til 2025» publisert 13.02.2026, var årslønnsveksten i kommunal sektor på 4,6% frå 2024 til 2025. Sum lønnsutgifter (inkludert sjukepengerefusjon og bruk av vikarbyrå) er 16,5 mill lavere i 2025 enn kva ein kunne forvente basert på framskriving av lønnsutgifter i 2024:

Lønnsanalyse	Beløp
Sum lønnsutgifter inkl sosiale utgifter, sjukepengerefusjon ,vikarbyrå 2024	620 458 353
Auke i utgifter frå 2024 til 2025 med årslønnsvekst på 4,6%	28 541 084
Ekstra auke i pensjonsutgifter i 2025 som følge av nye AFP-ordning	6 800 000
"Forventa" / Framsrevet lønnsutgift 2025, basert på lønnsutgifter i 2024	655 799 437
Faktiske lønnsutgifter, inkl sosiale utgifter, sjukepengeref, vikarbyrå i 2025	639 315 030
Differanse mellom "Forventa" / framskrevet lønnsutgift og faktisk utgift	16 484 407

Differansen kan forklares med gjennomførte innsparingstiltak i 2025, inkludert fokus på å redusere overtidsbruk og bruk av vikarbyrå (prosjekt «Smart bemanning»).

Når det gjeld pensjonsutgifter så har det vore ei ekstra auke frå 2024 til 2025 (ut over ordinær lønnsvekst). Dette er knytt til ny offentlig AFP-ordning. Kommunene fekk kompensert dei ekstra pensjonsutgiftene via auke i rammetilskot frå staten. Auke i rammetilskot for Sula kommune utgjorde 6,8 mill.

Tabellen under viser utvikling i antall årsverk frå 2024 til 2025:

Kommunalområde	Årsverk 31.12.25	Årsverk 31.12.24	Endring	Kommentar
Organisasjon og utvikling	30,2	33,2	-3,0	Rådgiver flytta til Helse. To rådgivera flytta til Oppvekst
Kultur og oppvekst	311,9	311,8	0,1	Nedgang på 1,9 årsverk, korrigert for to rådgiverar
Helse og meistring	281,0	277,5	3,5	Auke på 2,5 årsverk korrigert for rådgivar
Samfunn	30,7	27,8	2,9	Årsverk likt som i 2023. I 2024 var det vakante stillingar
Politisk styring	1,1	1,1	0,0	Ordførar og varaordførar. Ingen endring
SUM	654,9	651,4	3,5	
G.snittlig årslønn pr 31.12	614 769	594 237	20 532	Gjennomsnittslønn for 100% stilling. Auke på 3,5%

Tabellen inkluderer alle årsverk som får utbetalt fastlønn. Det betyr at den inkluderer langtidsjukmeldte og tilsette i svangerskapspermisjon med fastlønn. Den inkluderer også årsverk til faste vikarar for dei som er i permisjon

Utgifter til fastlønn har auka frå 422,8 mill i 2024 til 445,1 mill i 2025. Dette er ei auke på 22,2 mill. 19,4 mill kan forklares med gjennomsnittlig årslønnsvekst på 4,6%.

Resterande kan forklares med at det er litt fleire årsverk i 2025 enn i 2024.

Note 7, Kjøp av varer og tenester, 277 mill

Under denne posten ligg dei fleste av kommunen sine driftsutgifter utenom lønnsutgifter. Her ligg for eksempel:

- Driftstilskot til private barnehagar på 66,7 mill (60,5 mill i 2024)
- Kjøp av renovasjonstenester frå Attvin på 14 mill (13,6 mill i 2024)
- Kjøp frå eKommune Sunnmøre på 6,4 mill (5,9 mill i 2024)
- Kjøp av teneste frå Ålesund brannvesen på 9,2 mill (9,3 mill i 2024)
- Kjøp frå Ålesund kommune knytt til legevakt, nødnett og overgrepsmottak på 5,6 mill (4,9 mill i 2024)
- Kjøp frå Ålesund kommune knytt til Øyeblikkelig Hjelp Døgnetenhet på 2,9 mill (3,2 mill i 2024)
- Kjøp av tenester til vask av kommunale bygningar på 6 mill (5,8 mill i 2024)
- Utgifter til strøm på 6,2 mill (5,1 mill i 2024)
- Utgifter til vikarbyrå på 5,7 mill (15,2 mill i 2024)
- Andre utgifter: lisensutgifter, inventar og utstyr, snøbrøyting, forsikringar, medisiner, matvarer, kontormateriell, lærebøker, kursutgifter osv.

Note 8, Overføringar og tilskot til andre, 52 mill

Overføringar og tilskot til andre består i hovudsak av meirverdiavgift på 19,1 mill (21 mill i 2024), rabatt SFO på 9,3 mill (8 mill i 2024) og overføring til private på 22,5 mill (23 mill i 2024). Når det gjeld meirverdiavgift så ligg denne både som ei driftsutgift og som ei driftsinntekt med like beløp. Dei største postane under "overføring til private" er overføring av driftstilskot til Sula Sokn på 5,2 mill (5,1 mill i 2024), ytelser til livsopphald til flyktingar på 5 mill (likt som i 2024) og utbetaling av økonomisk sosialhjelp på 3,8 mill (3,6 mill i 2024)

Note 9, Netto finansutgifter, 81 mill

Finansposter	Regnskap 2025	Regnskap 2024	Endring
Renteinntekter	8 115 552	7 988 382	127 170
Utbytte	203 643	254 754	-51 111
Gevinst på finansielle omløpsmidler	12 404 886	17 668 405	-5 263 519
Renteutgifter	-52 480 462	-49 211 545	-3 268 917
Avdrag på lån	-49 200 000	-47 500 000	-1 700 000
22 Netto finansutgifter	-80 956 380	-70 800 004	-10 156 377

Investeringsrekneskap

Investeringsregnskapet viser investeringar i varige driftsmidlar (inkludert investeringstilskot til Sula Sokn) på 102,7 mill. i 2025. Dette var 32 mill lågare enn budsjettet. Det største pågåande investeringsprosjektet er investering i nytt avløpsrenseanlegg. Det blei utgiftsført 58,9 mill til dette prosjektet i 2025. Totalbudsjettet for prosjektet er 443 mill. (ref. budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029).

Tabellen under viser ein spesifikasjon av alle investeringsprosjekta i 2025. Den viser også kva for prosjekt som har blitt rebudsjettert til 2026

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I1104	Avsett til grunnkjøp	1 053 240		1 053 240	1 053 240	Avsetning til bruk ved behov for grunnkjøp
I1107	Bilar Sula kommune	3 511 544	3 460 667	50 877		Ein bil til barneværn, fem bilar til heimetenesta (tre nye, to brukt), ein bil til eigedom
						Forprosjektet er igangsett gjennom ein moglegheitsstudie for vurdering av oppdeling/salsmodell/taksering. Det er òg sett i gang endring av regulering til også å omfatte bustadar i tillegg til (opphaveleg) tenesteyting; dette med tilhøyrande varslings/høyring. Det er også gjennomført drøftingar med Husbanken og Bærum kommune samt dialog/folkemøte med Senior interessegruppe. Etter høyring og innspel blei det i F-sak 087/25 (26.08.2025) vedteke å løyve inntil yttarlegare kr 500 tusen frå udisponerte lånemidlar til å fullføre prosessen med omregulering m.a. gjennom trafikkanalyse og grunnundersøking. Kommunedirektøren vil òg gjennomføre dialog med grunneigarar og andre interessentar frå høyringa før ein tek kontakt med dei offentlege instansane som har kome med merknadar og innspel. Trafikkanalyse er gjennomført (etter krav frå SVV) og grunnundersøkingane (etter krav frå NVE) er også utført og vurderingsrapporten herifrå er venta ila. Q1/'26. Då er det avtalt med Plan at ein tek samla kontakt for med Fylket, Statsforvaltar, NVE og SVV for avklaring av merknader/krav/innspel.
I1108	Nausthaugen. Forprosjekt tomteområde	1 000 000	803 860	196 140	196 140	Budsjettmidler er benytta til pasientvarslingsanlegg på Sloghaugvegen 28. Ubrukte midler frå 2025 blir foreslått rebudsjettert til 2026. Midlane vil bli brukt til å ferdigstille pasientvarslingsanlegget på Sloghaugvegen 28
I1301	Rammeløyving IKT	1 607 557		1 607 557	182 526	

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I1355	Pasientvarslingsanlegg S28	0	1 425 031	-1 425 031		Investering i nytt og moderne pasientvarslingsanlegg (kamera, knapper, dørsikring osv). Anlegget erstatter det gamle anlegget som er rundt 10 år gammalt. Det nye anlegget vil gi lavere driftsutgifter i form av reduserte lisenser og reduserte utgifter til nye deler / reparasjoner ol. Arbeidet med anlegget vil bli ferdigstilt i 2026. Gjenstår utgifter på rundt 200.000kr
I1408	Kyrkje. Rammeløyving investeringar	500 000	500 000	0		Midler er overført til Sula Sokn
I1411	Sula Sokn - felles minnemerke til namna minnelund indre Sula	500 000	405 544	94 456		Arbeid er ferdigstilt. Midler er overført til Sula Sokn
I2008	PC til skule og barnehage	1 000 000	822 623	177 377		Investering er gjennomført
I3019	Utstyr til storkjøkken på Sulatunet	1 370 000	986 096	383 904		Utstyr til kjøkken. Investering ferdig
I3022	Utstyr omsorgsdrift Sulatunet	300 000	184 341	115 659		Utstyr til omsorgsdrift. Investering er ferdig
I5071	Lys turløype Vassetvatnet	383 749	343 440	40 309	40 309	Alle stolper med nye armaturer er på plass, gjenstår litt tilstelling.
I5125/ I5226	Uteområde Langevåg skule og uteområde Solevåg skule	805 089	959 027	-153 938		Solevåg skule (I5226) : Ballbinge er på plass, Ute bordtennisbord er på plass. Langevåg skule (I5125): Ute bordtennis bord er på plass. Pumptrack ferdigstilt. Prosjekt ferdigstilt
I5111	Rammeløyve mindre investeringar bygg	0		0		Opprinnelig rammeløyve var 3 mill. Rammeløyve er fordelt
I5131	Rørstadmarka skule	1 229 088	1 250 000	-20 912		Investeringsprosjektet er avslutta. Blei totalt ca 13,5 mill under budsjett
I5135	Rørstadmarka sti og ganveg	0	207 029	-207 029		Restbeløp. Andel fibergrøft. Investeringsprosjektet er avslutta.
I5150	Jetmundgarden	0	239 342	-239 342		Restbeløp fakturert i 2025. Investeringsprosjektet er avslutta.
I5181	Opparbeiding av friområde på Rørstad	135 788		135 788	135 788	Etter slutføring må deponi ligge i omtrent 3 år før endelig ferdigstilling. Forventa ferdigstilling vår 2026.
I5199	Vasset Borettslag	8 000 000	5 633 302	2 366 698		Tomt utgravd. Betongarbeid påbegynt. Total kostnadsramme 70.310.708kr ref K-sak K54/25. Budsjett for ferdigstilling av prosjekt er lagt inn i 2026 og 2027 i økonomiplan 2026-2029.
I5202	Sula rådhus, fasade prosjektering	455 268	33 159	422 109	422 109	Vi har starta arbeid med tegninger og grunnlag for videre utgreiing av fasadeløysinger. Framtidig bruk av rådhuset vil bli avklart i samband med mulighetsstudie for tenestebygg.
I5209	Strakstiltak Langevåg sentrum	411 970	363 689	48 281	48 281	Leikeområde, gangbru og belysning ferdigstilt. Ønsker å bruke resterende beløp til å utbedre tregjerde mot 1000-årsplassen

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I5211	Sulatunet fasade - skade på lecavegger	103 247	100 844	2 403		Prosjekt ferdig
I5215	Molværsvegen 11, tilbygg	664 554	446 136	218 418		Prosjekt ferdig
I5216	Nye lokaler til psykiatritenesta	0	91 261	-91 261		Prosjekt ferdig
I5222	Måseide barnehage nytt toalett	74 755	28 432	46 323		Prosjekt ferdig
I5224	Kjøp bustader flytkningar	14 000 000	2 008 139	11 991 861		Rammeløyve til kjøp av flyktningbustader. Utgift i 2025 gjeld kjøp av Gnr 99 / bnr 271.
I5225	Utfasing av lyskilder etter påbud	5 000 000	3 763 885	1 236 115	1 236 115	Pågåande arbeid. Arbeid gjennomført i henhold til plan, ref. eiga sak. Det er ute minikonkurransar. Dette vil fortsette i 2026
I5228	Kommunale bygg nytt låsesystem	64 129	63 965	164		Prosjekt ferdig
I5229	Rådhuset, Langevåg skule, Sula U, Solevåg skule, nye papp-presser	51 197	21 305	29 892		Prosjekt ferdig
I5232	Sula U - nye grupperom	67 049	56 210	10 839		Prosjekt ferdig
I5233	Langevåg skule - kameraovervåking	300 000	160 016	139 984		Prosjekt ferdig
I5236	Molværsvegen 11,15 og 19 - ny brannsentral og brannmeldere	32 750	50 744	-17 994		Prosjekt ferdig
I5237	Geilneset 11 - ventilasjonsanlegg	117 691	125 427	-7 736		Prosjekt ferdig
I5239	Måseide skule - mellombels bruk av brakkerigg	53 819	16 965	36 854		Prosjekt ferdig
I5240	Tenestesenter (mulighetsstudie)	1 000 000	358 755	641 245	641 245	Mulighetsstudie pågår nå i samarbeid med Multiconsult. Plan lagt for framdrift og involvering bl.a. med KS i møte den 6.11, WS med fagmiljø den 11.12. Studie avsluttes med en rapport/anbefaling som skal behandles i KS april 2026.
I5242	Barne og avlastningsbustad (forprosjekt)	500 000	182 169	317 831	317 831	Forstudie er gjennomført i samarbeid med arkitekt (skisse/grovkalkye) Behandlet i KS sak 109/25 den 11.12. Videre framdrift gjennomføres som vedtatt.
I5243	ROP leiligheter herunder nødleilighet (forprosjekt)	500 000	71 067	428 933	428 933	Forstudie/forprosjekt er gjennomført. I KS sak 095/25 ble det vedtatt å starte gjennomføringsfase i 2026. Prosjektet går som planlagt/vedtatt og blir gjennomført i 2026

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I5211	Sulatunet fasade - skade på lecavegger	103 247	100 844	2 403		Prosjekt ferdig
I5244	Oppgradering i Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)	500 000		500 000	500 000	F034/25 Vedtak: 1. Sula kommunestyre vedtar at Stadsnesvegen 19A kan planleggast brukt til nye lokale for tiltakskontoret/koordinerende eining samt reserveareal for legekantoret. 2. Sula kommunestyre ber vidare om å få saka tilbake med nærare framstilling av den framtidige bruken og kostnader knytt til denne. Arbeidsgruppe arbeider med form- og funksjonsprogram. Dei mest akutte plassproblema for legekantoret er avhjelpth vha. ombyggingar internt. Mogelegheitsstudien for eit eventuelt nytt tenestehus blei sett i gong august'25 og i samband med denne vil lokala i Stadsnesvegen 19A bli omfatta av den samla kartlegginga/ utgreiinga. Parallellt arbeidast det med vurdering av alternativ bruk.
I5245	Sal av Fiskerstrand skule	300 000	98 468	201 532	201 532	Vedtak 24.10.2024 i K-sak 087/24 om sal i den opne marknaden (primært til nærings- og industriformål) og verditakst er utarbeidd. Før gjennomføring av sal vert saka lagt fram for formannskapet til endeleg godkjenning. Formannskapet vedtok i F-sak 086/25 å delegere til kommunedirektøren sal i den opne marknad med prisantydning som verditakst gjennom næringsmeklar og dialog med marknaden. Meklarkonkurranse er gjennomført og salsoppgåve/prospekt vil ligge føre ıla. Q1/26.
I5246	Sal av Måseide skule	300 000	184 087	115 913	115 913	Vedtak 24.10.2024 i K-sak 088/24 om sal i den opne marknaden slik at frådeling av ca. halve eigdomen for barnehagen er igangsett samstundes som omregulering med bistand frå plankonsulent (PIR2) leggast ut til ettersyn og høyring samt at Statsbygg blir kontakta for mogeleg opsjonsavtale (F-sak 055/25). Etter at Statsbygg ikkje møtte dei forretningsmessige vilkåra blei det i F-sak 085/25 vedteke å utsetje saka i påvente av ei alternativ meklarvurdering før ein går vidare med ein salsprosess i den opne marknaden. meklarvurdering er innhenta og forelagt Formannskapet som vedtok i F-003/26 å sette ei prisantydning på 5,2MNOK og skal i den samanheng ha både prospekt og eventuelle bod til vurdering/godkjenning.

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I5247	Molværsvengen 15, 17, 19 - solskjerming	200 000	200 618	-618		Prosjekt ferdig
I5248	Måseide barnehage - felleskjøkken	250 000	192 848	57 152		Prosjekt ferdig
I5249	Sunde barnehage - brannvarsling	150 000	109 938	40 062		Prosjekt ferdig
I5250	Solevåg skule (gamlebygg) rehabilitering fasade	1 000 000	1 144 710	-144 710		Prosjekt ferdig
I5251	Distriktstannklinikken - renovering	1 200 000	928 923	271 077	271 077	Arbeid blir sluttført i februar 2026
I5252	Modulbygg - 2 nødhusvære	1 506 250	970 296	535 954	535 954	Ferdigstilt men ikkje mottatt alle faktura enda
I5253	Sal av kommunale tomter i 2025	0	35 690	-35 690		Vasset barnehage (JP-id 24/19233), Solavågsvegen 11 (JP-id 24/12903) og Salevegen 11 (JP-id 25/4730) samt sal av Grønmyrhaugen 22 (JP-id 25/5009) er vedteke. Kommunestyret gav forkjøpsrett til Vasset barnehage innan hausten 2026 medan dei 3 andre tomtene er ferdig takserte og vert lagt ut for sal gjennom eigedomsmeklar hausten 2025. Salevegen 11 blei solgt 01.01-26, Vasset Barnehage er solgt ,overlevering 31.06.26. Dei andre tomtene ligger fortsatt ute for salg.
I5254	Gnr 89 bnr 46 Øvre Råsa	4 830 000	4 818 045	11 955		Sula kommune fekk heimel til eigedommen 24.04.2025. Kjøpesum 4,7MNOK plus 2,5% dok.avg. og tinglysingsgebyr. Kjøpet er gjennomført.
I5255	Ombygging legekontor	437 500	806 909	-369 409		Prosjekt ferdig
I5256	Sal av Vasset barnehage	0	25 000	-25 000		Solgt, blir overlevert når leigekontrakt går ut den 31.07.26
I6017	Rammeløyving vatn	4 000 000		4 000 000		Pågåande arbeid dekkes av rammeløyve
I6018	Rammeløyving avløp	10 000 000		10 000 000		Pågåande arbeid dekkes av rammeløyve
I6095	Harhaugen (avløp)	0	507 785	-507 785		Arbeid ferdigstilt. Slitelag asfalt. Dekkes av rammeløyve, ref I6018
I6095	Harhaugen (vann)	0	240 000	-240 000		Arbeid ferdigstilt. Slitelag asfalt. Dekkes av rammeløyve, ref I6017
I6115	Bjørkavågen aust - veg 1	0	392 782	-392 782		Arbeid ferdigstilt. Ferdigstilling asfalt
I6123	Overvassstette kummer	500 000		500 000	500 000	Dette er eit langsiktig arbeid som pågår over fleire år. Arbeidet går ut på kartlegging av og utføring av tiltak for å hindre innlekking av overvatn i avløpet. Arbeidet er eit vilkår i gjeldende utsløppsløyve fra Statsforvalter

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Resterande 2025	Rebud. til 2026	Kommentar til prosjektoversikt
I6124	Futevegen VA	0	389 411	-389 411		Anbudsdokument lyses ut feb/mars. Estimert oppstart vår 2026. Dekkes av rammeløyve, ref I6017 og I6018
I6143	Nytt avløpsrenseanlegg	57 000 000	58 862 864	-1 862 864		Under gjennomføring. Status er at prosjektet er iht plan og budsjett. Totalbudsjett for prosjektet som er lagt til grunn for økonomiplan 2026-2029 er 443 mill.
I6153	Bru Bakkenesvegen	0		0		Anbudsgrunnlag er utarbeida. Sjøast i samheng med bru Svingen og bru Pebakken. Anbudkonkuranse i 2025. Gjennomføring i 2026 under forbehold om fullfinansiering. I saksframlegg for budsjettkontroll 2. tertial blei investeringsbudsjett 2025 strøket. Budsjettmidler legges inn på nytt i budsjett for 2026.
I6155	Bru Svingen (Mauseidvåg)	0		0		Ny inspeksjon foreslår å bygge ny bru for å kunne oppgradere vegklasse. I saksframlegg for budsjettkontroll 2. tertial blei investeringsbudsjett 2025 strøket. Budsjettmidler legges inn på nytt i budsjett for 2026.
I6164	Reguleringsplan - pumpestasjon Eikrem/slamavskiller/ renseanlegg	500 000	464 175	35 825		Grunnkjøp er gjennomført. Prosjektering/anbudsgrunnlag tas over rammeløyving. Prosjektering i 2026, oppstart i 2027.
I6165	Fortau Renseanlegg Kvasnes	1 500 000	819 688	680 312		Fortau ferdigstilt
I6167	Innløysing eigedom gbnr 65/140	284 141	227 488	56 653		Prosjekt gjennomført.
I6169	Fortau Bratthaugmyra	3 624 000	3 740 680	-116 680		Prosjektet er ferdigstilt. 120 000 ført på VA - dekket over rammeløyving VA.
I6170	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2 000 000	724 104	1 275 896	1 275 896	Kartlegging gjennomført. Forslag til tiltak er utarbeidd. Gøtå/Ingeskogen og Grova ferdigstiltes vår 2026. Resterende midlar avsett til øvrig farleg skuleveg
I6171	Separering Grønmyrvegen	0	647 447	-647 447		Arbeid ferdigstilt. Dekkes av rammeløyve, ref I6017 og I6018
I6172	Fiber til Kongshaugstranda	0	1 036 453	-1 036 453		Fiber til renseanlegget (datakommunikasjon). Dekkes av rammeløyve
SUM		134 874 375	102 730 879	32 143 496	8 102 889	

Balansen

Balansen gir ein oversikt over egedelar, gjeld og eigenkapital. Egedelane består av varige driftsmidler, finansielle anleggsmidler, pensjonsmidler og omløpsmidler. Gjeld består av lånegjeld, pensjonsforpliktelse og kortsiktig gjeld. Eigenkapital består av ubundne fond, bundne fond og kapitalkonto. Balanseoversikten framgår av årsrekneskapet. Der er det også noter som spesifiserer balansepostane.

Fondsbeholdning (bundne og ubundne fond)


Sula kommune sin totale fondsbehandling blei redusert frå 170,9 mill i 2024 til 161,6 mill i 2025. Dette er ein reduksjon på 9,3 mill. Disposisjonsfondet blei redusert med 16 mill, medan bundne driftsfond auka med 5,7 mill. Ubundne investeringsfond blei redusert med 0,7 mill, medan bundne investeringsfond auka med 1,7 mill. Note 14 i årsrekneskapet viser detaljert bruk og avsetning av alle fond. Tabellen under viser utvikling av fondsbehandling dei siste 10 åra:

Beløp i million kroner	2 025	2 024	2 023	2 022	2 021	2 020	2 019	2 018	2 017	2 016
Disposisjonsfond	66	82	132	145	125	99	85	84	83	83
Bundne driftsfond	30	24	17	17	20	14	13	14	14	13
Ubundne investeringsfond	58	59	62	63	68	69	70	70	68	68
Bundne investeringsfond	7	5	5	8	1	1	1	0	1	1
SUM	162	171	216	234	215	183	169	168	166	166

Lånegjeld

Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i åra framover. Den største veksten i lånegjeld vil kome som følge av investering i nytt avløpsreinseanlegg.

Grafen nedanfor viser utvikling i perioden 2010-2025, og forventa auke i 2026-2029:



- Den blå grafen viser samla lånegjeld. Samla lånegjeld var 334 mill. i 2010, 1.394 mill. i 2025, og er forventa å stige til 1.793 mill. i 2029.
- Den grå grafen viser lån til investering. Dette er samla lån fråtrekt startlån (vidareutlån). Lån til investeringar var 325 mill. i 2010, 1.288 mill. i 2025, og er forventa å stige til 1.599 mill. i 2029.
- Den lilla grafen viser lån til investering eksklusiv VAR. Den var på 250 mill. i 2010, 945 mill. i 2025, og er forventa å reduserast til 884 mill. i 2029.
- Den svarte grafen er lån til VAR (sjølvkost). Den var 74 mill. i 2010, 343 mill. i 2025, og er forventa å stige til 715 mill. i 2029.
- Den oransje grafen er startlån (vidareutlån). Den var 9 mill. i 2010, 105 mill. i 2025, og er forventa å stige til 194 mill. i 2029.
- Den grønne grafen viser lån vi har med rentekompensasjon frå Husbanken. Denne typen lån var på 64 mill. i 2010, 24 mill. i 2025, og forventa 9 mill. i 2029.

VAR sin del av lån til investeringar var 22% i 2022, 27% i 2025 og er forventa å bli 45% i 2029. Renter og avdrag frå VAR-investeringane blir finansierast av kommunale gebyr.

Tabellen under viser splitten mellom investeringslån eksklusiv VAR og investeringslån til VAR dei siste 10 åra, samt forventa utvikling dei neste fire åra (iht budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029). Tabellen viser også utvikling i rente- og avdragsutgifter.

Beløpa vises i million kroner.

Lån til investering	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Lån eksklusiv VAR	602	649	691	731	791	897	943	911	947	946	934	839	844	884
Lån VAR	177	210	248	258	256	255	264	274	291	343	554	691	718	715
SUM	779	859	939	989	1 047	1 152	1 207	1 185	1 238	1 289	1 488	1 530	1 562	1 599
Andel VAR av lån til inv.	23 %	24 %	26 %	26 %	24 %	22 %	22 %	23 %	24 %	27 %	37 %	45 %	46 %	45 %

Rente- og avdragsutgifter	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Frå lån eksklusiv VAR	30	31	32	37	46	47	49	66	74	77	73	73	73	76
Frå lån VAR	9	10	11	13	14	15	19	22	23	25	31	40	45	46
SUM	38	40	43	49	60	62	68	88	97	102	103	113	118	122

Kortsiktige likvide midlar

Pr. 31.12.2025 hadde Sula kommune 126 mill kr i likvide midlar. Likviditeten forbeta seg med litt samanlikna med 2024. Likviditeten er likevel dårlegare no enn den var for nokre år tilbake. Tabellen under viser utvikling frå 2020 til 2025. Tala vises i million kroner

Likvide midler	2 025	2 024	2 023	2 022	2 021	2 020
Bankbeholdning	99	92	86	195	243	234
Kortsiktig plasseringer	27	23	31	28	28	28
SUM	126	115	117	224	271	262

Bankbeholdninga har auka med 6 mill frå 2024 til 2025. Kontantstrømanalyse i tabellen under viser kva endringa i bankbeholdning består av. Analysa tek utgangspunkt i driftsresultat for 2025. Ikkje alle resultatpostar har likviditetseffekt. Analysa justerer for desse effektane. F.eks så vil ikkje ei inntekt på 10 mill i desember 2025 påverke bankbeholdning i 2025 dersom beløpet står som kundefordring pr 31.12.25.

Kontantstrømanalyse. Endring i likviditet frå 2024 til 2025	Beløp	Note
Negativt driftsresultat i 2025	-10 281 509	1
Avkastning frå langsiktig fondsplassering i 2025	-12 404 886	2
Endring i premieavvik frå 2024 til 2025	11 982 146	3
EK-tilskot i KLP (investering) i 2025	-1 704 560	4
Endring i ubrukte lånemidler frå 2024 til 2025	6 096 067	5
Endring kortsiktige fordringer frå 2024 til 2025	-13 427 791	6
Endring kortsiktig gjeld frå 2024 til 2025	23 908 255	7
Andre poster	2 670 940	
Sum endring i likviditet frå 2024 til 2025	6 838 662	

Note
1. Ikkje alle resultatpostar påverker likviditet. "Korrigeres" i postane under
2. Avkastning påverker resultatet, men ikkje likviditeten (urealisert gevinst)
3. Det er betalt mindre i pensjonspremie enn det som er utgiftsført pensjon
4. EK-tilskot i KLP dekkes av egne midler, og ikkje ved bruk av lån
5. Auke i ubrukte lånemidler fører til auke i likvide midler
6. Kortsiktige fordringer er høgare enn i 2024. Påverker likviditeten negativt
7. Kortsiktig gjeld er høgare enn i 2024. Påverker likviditet positivt

Utgiftsnivå samanlikna med andre kommunar


Utgiftsnivået i Sula kommune er lavt. Tabellen under viser kor mykje meir/mindre Sula kommune hadde brukt / kunne ha spart per tenesteområde dersom utgiftsnivået var på likt med samanlikningskommune. Negativt tal viser kor mykje Sula ligg under samanlikningskommune i million kroner. Positivt tal viser kor mykje Sula ligg over samanlikningskommune i million kroner.

Område	Giske 2025	Ålesund 2025	Møre og Romsdal 2025	Landet 2025	Kostragruppe 1 2025	Giske 2024	Ålesund 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet 2024	Kostragruppe 1 2024
Grunnskole	-22,9	-23,3	-29,5	-28,7	-27,3	-15,8	-14,6	-25,6	-28,2	-33,1
Pleie og omsorg	24,4	-6,5	-7,9	7,9	13,9	16,0	-3,3	6,6	15,6	19,9
Barnevern	8,8	-0,5	0,1	1,4	-0,5	6,6	9,4	7,8	4,4	2,3
Barnehage	7,9	6,4	1,4	4,9	3,6	9,0	3,0	1,3	1,0	-1,3
Kommunehelse	-3,1	-5,0	-8,9	-8,1	-7,1	0,8	-2,1	-4,7	-6,8	-5,7
Sosiale tjenester	-3,6	-6,9	-11,4	-14,1	-12,1	-7,4	-9,0	-11,9	-14,0	-10,6
Kultur og idrett	5,4	-6,3	-10,3	-17,5	-8,2	4,9	-3,9	-7,5	-16,6	-6,8
Plan, kulturminner, natur	-0,4	3,7	0,6	-0,9	0,1	0,0	3,8	1,7	-0,7	0,9
Adm, styring og fellesutgifter	-2,9	16,9	-2,2	-6,4	-5,7	6,7	3,6	-0,9	2,2	-1,5
Andre områder	-3,2	-7,4	-11,4	-2,9	-7,7	-4,2	0,5	-6,1	-1,8	-5,6
Totalt	10,4	-28,9	-79,5	-64,6	-50,9	16,6	-12,6	-39,3	-44,9	-41,5

Utgiftsnivået i Sula kommune hadde vore 50,9 mill høgare dersom utgiftsnivået hadde vore likt som i Kostragruppe 1 som Sula tilhører. Kostragruppe 1 består av kommuner

med innbyggertal på mellom 2.000 og 9999 og med lavt kostnadsnivå og lavt inntektsnivå.

Grafen under viser netto driftsutgift pr innbygger (justert for utgiftsbehov) for 2025 for alle landets kommunar. Sula kommune er nr. 41 rangert etter kommunar med lavast driftsutgift pr innbygger. I 2024 var vi nr. 44, i 2023 nr 28, i 2022 nr 17 og i 2021 nr 14.




Dei to største områda målt i netto driftsutgift pr. innbygger, er grunnskule og pleie og omsorg. På grunnskule har vi eit utgiftsnivå som er under landsgjennomsnittet. På pleie og omsorg har vi eit utgiftsnivå som er over landsgjennomsnittet.

Grunnskule

Rangert etter netto driftsutgift per innbygger (justert for utgiftsbehov) er Sula kommune nummer 16 i landet etter kommuner med lavest netto driftsutgift pr innbygger. I 2024 var vi rangert som nummer 9, i 2023 nummer 7 og i 2022 nummer 1. Funksjonar som inngår i nøkkeltalet «Grunnskule» er utgifter til undervisning, SFO, skulelokaler, skuleskyss og


vaksenopplæring. Lave utgifter til skulelokaler er med på å bidra til at Sula kommune kjem lavt totalt sett.

KOSTRA-funksjon 202 Grunnskule omfatter utgifter knytt til undervisning. Ser vi på netto driftsutgifter per elev på funksjon 202 så er Sula kommune rangert som nummer 71 etter kommuner som har lavest netto driftsutgift. I 2024 var vi rangert som nummer 41. I 2023 nr 32 og 2022 nr 34. Grafen under viser oversikt over alle landets kommuner:



Pleie og omsorg

Rangert etter netto driftsutgift per innbygger (justert for utgiftsbehov) er Sula kommune nummer 170 etter kommuner med lavest netto driftsutgift pr innbygger. I 2024 var vi rangert som nummer 189, i 2023 nr 143 og i 2022 nr 77. Grafen under viser oversikt over alle landets kommuner:



Ein årsak til at vi har eit høgt utgiftsnivå i pleie og omsorg er at vi har ein lite egna bustadstruktur og bu tilbud for personar med funksjonsnedsettingar. Sula kommune har tatt eit viktig første steg med å etablere Jetmundgarden. Vasset burettslag er også under etablering, og vidare treng vi endå fleire gode bu konsept som skal bidra til at også desse av våre innbyggjarar skal få oppleve å bu på måtar som sikrar sjølvstende og meistring.

Ein annan årsak til høgt utgiftsnivå i pleie og omsorg er at Sula kommune har eit høgt antall «ressurskrevjande brukarar» samanlikna med enkelte andre kommunar. I 2025 hadde Sula kommune 16 brukarar som kom inn under statens tilskotsordning for «Særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Driftsutgifter for desse 16 brukarane var 85,8 mill i 2025. Statens refusjonsordning gav refusjon på 43,2 mill. I tillegg mottek vi PU-tilskot (Psykisk Utviklingshemma) på totalt 7,1 mill knytt til enkelte av brukarane. Kostnad redusert for tilskot og refusjon for dei 16 brukarane var 35,4 mill i 2025. Dette gir ein gjennomsnittleg netto utgift pr brukar var 2,2 mill. Dersom Sula kommune hadde hatt likt antall ressurskrevjande brukarar som Giske

kommune hadde utgift vore ca 9 mill lavere. Dersom Sula hadde hatt likt antall som Stranda kommune hadde utgift vore ca 20 mill lavere.

Dersom Sula kommune sine netto driftsutgifter til pleie og omsorg hadde vore 15 mill lavere hadde netto driftsutgift pr innbyggert til pleie og omsorg blitt 24.159kr. Utgift per innbygger hadde då vore på nivå med kostragruppe 1 (24.261kr) og lavere enn landsgjennomsnittet (24.877kr).

Lånegjeld og netto finansutgifter

Sula kommune har eit høgt gjeldsnivå. Tabellen under viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Sula kommune er på nivå med samanlikningskommuner i Møre og Romsdal, men over landsgjennomsnittet og gjennomsnittet i Kostragruppe 1.

Kommune	2022	2023	2024	2025
Sula	123,80 %	119,00 %	115,70 %	112,70 %
Giske	122,40 %	131,70 %	123,00 %	126,70 %
Ålesund	104,30 %	110,20 %	117,10 %	123,00 %
Møre og Romsdal	112,40 %	110,70 %	108,90 %	108,00 %
Landet	88,10 %	89,20 %	90,40 %	89,70 %
Kostragruppe 01	96,50 %	94,20 %	92,60 %	91,30 %

Håg lånegjeld gir også høge finansutgifter (renter og avdrag). Tabellen under viser netto finansutgifter (finansutgifter minus finansinntekter) i prosent av brutto driftsinntekter.

Kommune	2022	2023	2024	2025
Sula	7,20 %	6,80 %	7,20 %	7,70 %
Giske	8,10 %	7,00 %	8,30 %	7,50 %
Ålesund	4,70 %	4,80 %	6,20 %	7,40 %
Møre og Romsdal	5,90 %	6,20 %	7,20 %	7,40 %
Landet	4,40 %	4,40 %	5,10 %	5,20 %
Kostragruppe 01	5,00 %	5,20 %	6,00 %	5,90 %

Dersom Sula kommune hadde hatt netto finansutgifter som landsgjennomsnittet så hadde utgiftene vore ca. 25 mill lavere enn dei var i 2025.


Inntektsnivå samanlikna med andre kommunar

Sula kommune er blant kommunene i landet med lavest inntektsnivå.

Skatteinntekter og rammetilskot frå staten

Skatteinntektene til Sula kommune var på 82,4% av landsgjennomsnittet i 2025. Dette er ei auke frå 2024. Då var prosenten 80,8%. Ei forklaring på dette er endringer i inntektssystemet; Kommunal sats for skatt på formue har blitt redusert, medan sats for skatt på inntekt har auka. Kommunal sats for skatt på formue var 0,7% i 2024 og 0,525% i 2025. Satsen er redusert vidare til 0,35% i 2026. Kommunal sats for skatt på inntekt var 10,95% og 12,75% i 2025. Sula kommune har lav inntekt frå formuesskatt. Denne endringa i inntektssystemet slår derfor positivt ut for Sula kommune.


Når vi i inkluderer rammetilskot i tillegg til skatteinntekteene så blir inntektsnivået til Sula kommune ca 95% av landsgjennomsnittet. Hovedgrunnen til at inntektsnivået aukar er inntektsutjevning (fordeling av skatteinntekter frå kommuner som har inntekt over landsgjennomsnittet til kommuner som har inntekt under landsgjennomsnittet).



Dersom Sula kommune hadde hatt skatteinntekter + rammetilskot på nivå med landsgjennomsnittet hadde inntektene til Sula vore ca 41 mill høgare i 2025.

Eigedomsskatt

Sula kommune hadde 1 promille i eigedomsskatt i 2025. Inntekt frå eigedomsskatt var 11,7 mill. Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (1,072 milliard) var på 1,1% for Sula kommune. Landsgjennomsnittet var på 2,7%. Dersom Sula kommune hadde hatt eigedomsskatt som landsgjennomsnittet (2,7% av brutto driftsinntekter) hadde inntektene vore 17,2 mill høgare. Samla for skatteinntekter, rammetilskot og eigedomsskatt hadde inntektene til Sula vore 57,8 mill høgare i 2025 dersom dei hadde vore som landsgjennomsnittet.



Andre typer «frie inntekter»

Kommuneproposisjonen er eit årleg dokument frå regjeringa til Stortinget der regjeringa legg fram politikken og det økonomiske opplegget for kommunesektoren det komande året. Kommuneproposisjonen kjem i mai. Denne inneheld ei oversikt over «korrigerede» frie inntekter. Her blir nivå for frie inntekter (skatteinntekter og rammetilskot) korrigert for nivå på eigedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt fra konsesjonskraft, kraftrettigheter og anna kraft for videresalg, havbruksinntekter, og fordel ved differensiert arbeidsgiveravgift. Utanom eigedomsskatt har Sula kommune ingen av denne type inntekter. Inntektsnivået til Sula samanlikna med andre kommuner blir derfor redusert når en ser på «korrigerede» frie inntekter.

Tabellen under er utarbeida basert på opplysningar frå Kommuneproposisjonen 2026 (publisert 15.05.25). Kommuneproposisjonen viser tall frå 2024. Tabellen viser at inntektsnivået på skatteinntekter og rammetilskot (alternativ 1) var på 95,5% av landsgjennomsnittet, og at korrigert inntektsnivå (alternativ 4) var på 90,7% av landsgjennomsnittet. Sula kommune var, basert på alternativ 4, rangert som kommune nummer 15 i landet med lavest inntektsnivå i 2024. Dersom inntektsnivået hadde vore likt som landsgjennomsnittet hadde inntektene til Sula kommune vore 68,8 mill høgare i 2024.

Kommune	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4	Alt 4. Kroner pr innbygger	Diff inntekt
Sula	95,54	92,17	91,34	90,72	68 971	
Giske	95,34	94,12	94,13	93,49	71 079	20 571 972
Ålesund	99,20	97,32	96,57	95,91	72 918	38 518 773
Møre og Romsdal	98,15	99,43	100,08	99,97	76 000	68 596 011
Landet	100,00	100,00	100,00	100,00	76 025	68 839 986

Alternativ 1: Korrigerede frie inntekter eksklusiv eiendomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt fra konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg
Alternativ 2: Korrigerede frie inntekter inklusiv eiendomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt fra konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg
Alternativ 3: Som i alternativ 2, pluss havbruksinntekter
Alternativ 4: Som i alternativ 3, pluss fordel av differensiert arbeidsgiveravgift

Sula kommune skal levere dei same kommunale tenestene som andre kommunar. Dette må vi gjere for 90,7% av gjennomsnittleg inntekt. Dette er utfordrande for økonomien.